



STATNETT SF  
Postboks 4904 Nydalen  
0423 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

## Ørsta kommune

### Ørsta transformatorstasjon - økt transformeringskapasitet

### Til uttale - anleggskonsesjon

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

#### Bakgrunn

Statnett planlegg å gjere tiltak ved Ørsta transformatorstasjon i tillegg til å anlegge kaihakk på Sæbø. Bakgrunnen er behov for auka transformorkapasitet i dagens transformatorstasjon i Ørsta. Tiltaket inneber bygging av ny sjakt og eit nytt felt for tranformator i eksisterande tranformatorstasjon. Det er også søkt om flytting av eksisterande endemast og ras- og flaumsikringstiltak for stasjonen.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

#### Vassdrag

Bekken er i dag lagt i røyr ved den nordaustlege delen av anlegget. Opning av lukka bekkeløp har fleire fordelar for vassmiljøet. Bekkar som er plastra/sikra har ikkje ein like stor verdi for vassmiljøet som en bekk med naturleg botn. Vi ønskjer at det blir vurdert naturleg botn der bekken kan ha det og elles sikre/plastre dei områda som må sikrast.

Bekken fører ikkje anadrom laksefisk eller kreps. Møre og Romsdal fylkeskommune har difor ansvaret for å gi løyve eller vurdere om tiltaket treng løyve etter Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.

Vi minner om at ved bekkar med årssikker vassføring skal det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr.

**Samfunnstryggleik og klimatilpassing**

Det kjem frem av konsesjonssøknaden og detaljplanen at Ørsta transformatorstasjon ligg utsett til for flaum- og sørpeskred der både 100 års, 1000 -års og 5000 års skred påverkar området. Statnett har vurdert at transformatorstasjonen kjem inn under tryggingssklasse S2 for skred, og ein må difor trygge området mot ei 1000 års skredhending. Det er behov for tryggingstiltak for å oppnå tilfredsstillande tryggleik for tiltaket, og det er planlagt både ein grøft, ein ledevoll og utbetring av kulvert som tryggingstiltak for å handtere flaumfare og faren for flaum- og sørpeskred.

Vi kan ikkje sjå at det ligg ved dokumentasjon på korleis ein kom fram til tryggingstiltaka i saka. Nye faresoner der tryggingstiltaka er inkludert er ikkje synleggjort, men det ligg ved ein illustrasjon av korleis eit skred kan sjå ut i området etter etablering av nye tiltak. Vi føreset at tiltaka som er planlagd er dimensjonert slik at krava til tryggleik for anlegget er ivareteke når dei er etablert, og at dei er planlagt av personell med skredfagleg kompetanse.

Vi ser det elles som svært positivt at forsyningstryggleiken i området vert styrka med dei planlagde tiltaka ved dagens transformatorstasjon.

**Konklusjon**

Vi viser til våre merknader, og ber om at desse takast med i den vidare sakshandsaminga.

Med helsing

Frida Farstad Brevik (e.f.)  
samordnar

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

**Fagsaksbehandlar**

Samfunnstryggleik: Stine Sætre, tlf. 71 25 84 85

**Kopi til:**

|                                       |                         |      |       |
|---------------------------------------|-------------------------|------|-------|
| Ørsta kommune                         | Dalevegen 6             | 6153 | ØRSTA |
| Møre og Romsdal fylkeskommune         | Postboks 2500           | 6404 | Molde |
| Norges vassdrags- og energidirektorat | Postboks 5091 Majorstua | 0301 | OSLO  |